
Saksnr: 2020/1928-81
Saksbehandlar: Åse Kittang

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fylkeseldrerådet		27.10.2020

Møteplan for 2021

Forslag til vedtak

Fylkeseldrerådet i Vestland vedtek det framlagde forslag til møteplan for året 2021 for rådet sine møter slik den ligg føre.

Samandrag

Fylkeseldrerådet skal ha minst seks møter kvart år, og rådet vedtek sin eigen møteplan. For at administrasjonen skal kunne koordinere møta i medverknadsorgana, både med kvarandre og andre utval, vert det tilrådd at møteplan for 2021 vert endeleg fastsett.

Bertil Søfteland
seksjonssjef

Åse Kittang
rådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Saksframlegg Møteplan 2021 for folkevalde organ i Vestland fylkeskommune
- 2 Saksprotokoll fylkestinget 29.09.20 PS 108/20

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Fylkeseldrerådet er forankra i kommunelova §5-12.

Det følgjer av Vestland fylkeskommune sitt reglement for medverknadsorgana at fylkeseldrerådet skal ha minst seks møte kvart år, og elles etter behov. Fylkeseldrerådet vedtek sin eigen møteplan.

For å sikre reell medverknad, tid til å førebu sakene og koordinera møteplan både med dei andre medverknadsorgana og utvala, er det viktig at ein fastset møtedatoar for heile 2021.

Når møteplanen for 2021 skal leggjast er møtedatoane i fylkesting, hovudutvala eit viktig utgangspunkt. Det vil vere viktig å planleggje møteplan for fylkeseldrerådet på ein slik måte at ein uttale frå medverknadsorganet i ei særskilt sak skal kunne følgje saksgangen hovudutval-fylkesutval-fylkesting, slik at ei eventuell tilråding/uttale kan vere klar før saka vert lagt fram for det politiske organet som skal gjera endeleg vedtak.

Under fylgjer forslag til møteplan for året 2021 for fylkeseldrerådet i Vestland.

Forslag til møteplan

26. januar møtestad Bergen
30. mars møtestad Leikanger
4. mai møtestad Bergen
31. august møtestad Førde
5. oktober videomøte
30. november møtestad Bergen

Forslaget er basert på møteplanane som er vedteke for fylkestinget, hovudutval for samferdsel og mobilitet, hovudutval for næring, hovudutval for kultur, idrett og integrering, hovudutval for opplæring og kompetanse.

Møtedagane fell på tysdagar for fylkeseldrerådet.

Når det gjeld møtestad er det, slik prosjektleiar vurderer dette i saksframlegget til PS 56/2019 i Fellesnemnda, eit føremålstenleg prinsipp for geografisk spreining av møta i fylkeseldrerådet at omlag 50% av møta er i Bergen, 25% er i Førde eller Leikanger, og at 25% er videomøte.

Vedtakskompetanse

Etter fylkestinget sitt vedtak i PS 108/20 den 29.09.20 skal fylkeseldrerådet fastsetje møteplan for 2021 innan utgangen av 2020.

Vurderingar og verknader

Økonomi: Ikkje relevant
Klima: Ikkje relevant
Folkehelse: Ikkje relevant
Regional planstrategi: Ikkje relevant

Konklusjon

Fylkeseldrerådet vert no bedd om å fastsetje dato og stad for rådsmøter i 2021.